

# NYHETSBREV

## For medlemsbedrifter i Finnøy Næringsforening

September 2013



### Nytt frå styret.

Styret jobbar med fleire viktige tema for tida, blant anna å betre dialogen med kommunen, via faste møteplassar.

### Faste møter mellom næringsforeninga - Ordførar/ varaordførar og rådmann

Styret v/ leiar og eit styremedlem vil framover ha faste møte med ordførar, varaordførar og rådmann. Det er allereie sett av 2 møte før jul. På desse møta skal ein kunne drøfte sakar som partane er opptekne av, på ein konstruktiv og god måte. Utgangspunktet for å etablere desse møteplassane, er at samarbeidet mellom partane skal fungere best mogleg og at ein saman skal kome fram til gode

Styret: Siv Flesjå (leiar), Lars Martin Hetland (nestleiar), Leif Arild Steen, Geir Landsnes, Reidar Roda, Frode Hesby (1. vara), Eva Bringeland (2. vara) Sekretær: Heidi Skifjell i Ryfylke Næringshage. Kommunen sin repr.: Erling Eggebø (SP)/ Berit Hopland (H)

løysningar på utfordringar partane måtte ha.

Desse møta er kome til for at blant anna også du som medlem bør nytte næringsforeninga i sakar som verksemda di vil drøfte. Ta kontakt med leiar Siv Flesjå om det er sakar du vil ta opp, og som du ønskjer skal bli drøfta vidare av styret, eventuelt også vidare i møte med kommunen. Siv vert dermed kontaktpersonen mot kommunen for næringslivet, og ikkje Frode Hesby som tidelgare formidla.

### Møte om kommuneplan- samfunnsdel.

Det vil om kort tid bli gjennomført et møte mellom næringsforeninga og kommuneplanleggjarar i Finnøy, knytt til samfunnsdelen i kommuneplanen. Denne er som kjend under revidering. Har du innspel her, ta straks kontakt med leiar.

### Plata lagt ut for sal.

Finnøy kommune og Finnøy Næringsforening arrangerte tysdag 17. september informasjonsmøte om vidare prosess kring sal av plata. Prospekt finn du ved å klikke direkte på linken under.

<http://www.finn.no/finn/b2b/commercialproperty/sale/object?finnkode=43879556>

Kommunen har satt ein tilbudsfrist til 10. oktober.

Interesserte bes ta kontakt med Kaph Næringsmegling v/Frode Krohn-Pettersen (sjå

vedlagt link). Noko du lurar på, ikkje nøl med å ta kontakt då heller.



## Vil bedriften din ha besøk?

Ordfører og varaordfører ønsker å besøke bedrifter i Finnøy. Vil din bedrift ha besøk, meld inn på e-post [fnhage@finnoy.com](mailto:fnhage@finnoy.com)  
Vi organiserer den vidare kontakt.

## Møte mellom politikarar, administrasjon og næringsliv.

Seinare i haust vil alle medlemsbedrifter i næringsforeninga få invitasjon til eit møte mellom næringslivet og politikarane våre. Vi vil informere dykk direkte på e-post om dato, tema og program. Vi håpar dette tiltaket skal bli en fast møteplass kvart år, mellom politikarane våre og næringslivet.

## Neste styremøte

Neste styremøte finner stad **tysdag 29. oktober kl. 16.00** i Ryfylke Næringshage.

Noko du vil at styret bør sjå nærmare på, ta kontakt.



## Møteplass Næringsforeningen i Stavanger-regionen

Finnøy Næringsforening og fleire av næringsverksemdene våre har medlemskap i Næringsforeningen i Stavanger-regionen.

<http://www.rosenkilden.no/> annonserar fleire gode og viktige møteplassar for kurs, nettverk og kompetansetilbod. Gå inn på linken over og vidare til møtekalenderen. Av ting som skjer dei neste månadene, kan nemnast:

- ✓ 24.09: Forskningsdager med Jan Vincents Johannessen
- ✓ 27.09: Lederskolen 1
- ✓ 01.10: Fra grønn energi til grønn data
- ✓ 01.10: HR-rollen- tannhjulet i bedriften.
- ✓ 03.10: Gründertreff
- ✓ 17.10: Introduksjonskurs Styrearbeid

### Utdannings kompetansefond

Vi minnar om at Finnøy Næringsforening har øyremarka midlar til kurs, -og kompetanse som medlemsbedrifter kan søkje på. Ta kontakt med Heidi Skifjell på telefon 975 02 974 for nærmare informasjon, eller søk på midlane direkte. Søknad vert sendt til: [fnhage@finnoy.com](mailto:fnhage@finnoy.com).

Helsing Styret.



Styret: Siv Flesjå (leiar), Lars Martin Hetland (nestleiar), Leif Arild Steen, Geir Landsnes, Reidar Roda, Frode Hesby (1. vara), Eva Bringeland (2. vara) Sekretær: Heidi Skifjell i Ryfylke Næringshage. Kommunen sin repr.: Erling Eggebø (SP)/ Berit Hopland (H)